



## Rettleing

- ◆ Folkevald fyller ut del 1 og del 2, skriv under og **leverer det til utvalssekretær** (kommunikasjons- og dokumentasjonsavdelinga) for kontroll og attesting, **innan 15. juni for første halvår og 15. november for andre halvår.**
- ◆ Krav om km-godtgjersle, kost og overnatting må registrerast elektronisk i *Expenca*.
- ◆ Fast møtegodtgjersle får dei som er medlemmer av:
  - Kommunestyret
  - Formannskapet
  - Levekårsutvalet
  - LMT-utvalet
  - Kontrollutvalet

*For desse treng du ikkje setta fram krav om møtegodtgjersle då dette er lagt inn for perioden og blir utbetalt automatisk. Du kan ev. markera det i rubrikken at det er eit fast møte dersom du fører opp tapt arbeidsforteneste til møtet.*

Varamedlemmer til dei nemnde utvala får godtgjersla på etterskot (utbetaling to gonger pr år). Opplysningane om varamedlemmer som har møtt blir tatt frå møteprotokollane.

Det same gjeld medlemmene (og vara som har møtt) i:

  - Fellestrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
  - Ungdomsrådet
- ◆ *Alle andre møte må det settast fram krav om ved å markera for dette i rubrikken for tilfeldig møte.*
- ◆ Godtgjering for møter for styreverv i interkommunale selskap o.l skal ikkje tas med her. For slike møte må krav setjast fram til det aktuelle selskap (unnatak er Regionråd Dalane).

Satsar og vilkår følgjer **Forskrift om godtgjøring og velferdsgoder til folkevalgte i Bjerkreim kommune**, vedteken av kommunestyret 15.12.2020.

Forskrifta ligg tilgjengeleg på kommunen si nettside, under *Politikk og Valg*, og *Politikarside*, og på **Lovdata**, under *Lokale forskrifter*; [www.lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-12-15-3057?q=forskrift%20bjerkreim%20kommune](http://www.lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-12-15-3057?q=forskrift%20bjerkreim%20kommune)

### **Utdrag:**

§ 4 Utgifter for barnepass, kr. 160 pr. time

Tapt arbeidsforteneste: legitimert maks. kr. 508,- (*sats pr. mai 2022*)

Tapt arbeidsforteneste: ulegitimert (ikkje etter kl. 18.00) kr. 305,- (*sats pr. mai 2022*)

§ 5 Møtegodtgjering (0,1 %) kr. 990,- (*sats pr. mai 2022*)

Møtegodtgjering andre råd, utval og komitear, kr. 300,- pr møte